

Fenytoin i serum

Epinat

Bakgrunn

Fenytoin er eit hydantoinderivat som blir brukt i behandling av visse former for epilepsi. Den har ein maksimal konsentrasjon i serum 4 – 8 timar etter inntak.

Indikasjonar

Rutinekontroll, terapivikt, biverknadar, forgifting og doseendring.

Prøvemateriale



0,5 ml serum teke på rør tilsett gel eller rør utan tilsetting.

Haldbarheit serum: 4 døgn.

Skal svaret vurderast i relasjon til terapeutisk område, bør prøven takast slik at botnkonsentrasjonen blir målt, dvs. rett før neste dose, og når konsentrasjonen er i likevektstilstand, dvs. 1-2 veker etter siste dosejustering.

Terapeutisk område

40-80 $\mu\text{mol/L}$ (som antiepileptikum)

Ved verdiar $> 100 \mu\text{mol/L}$ vil rekvirent bli forsøkt varsla.

Tolkingar

Toksiske effektar kan ein sjå ved konsentrasjonar i området 100 – 120 $\mu\text{mol/L}$, men blir vanlege først ved verdiar over 120 $\mu\text{mol/L}$. Alvorlege forgiftingar ser ein ved nivå over 160 $\mu\text{mol/L}$.

Halveringstida viser stor interindividuell variasjon, 10 – 40 timar, og aukar med aukande dose (metningskinetikk). Ei doseendring kan difor gje relativt mykje større konsentrasjonsendring.

Feilkjelde: Unngå langvarig stase.